



Til kommunane.

Saksbehandlar, innvalstelefon

Marit Lunde, 57 64 30 05

Tilbod om fagdag for nye folkevalde i kommunane

Kommunevalet vart gjennomført hausten 2023, og Vestland fylke har fått mange nye lokale folkevalde for perioden 2023 – 2027. Dei går no spennande år i møte, der kommunane skal ha ei sjølvstendig rolle med plass til lokalpolitisk handlingsrom. Samstundes blir det stilt store forventningar frå innbyggjarane, og gjennom nasjonal politikk frå Regjering og Storting.

Kommunane har sjølv ansvaret for innhald og form på folkevaldopplæringa i eigen kommune, og dei aller fleste kommunane har allereie hatt opplæring gjennom KS sitt tilbod.

Statsforvaltaren har gjennom sine roller og mange oppgåver, ein omfattande kontakt med kommunane. Vi ønskjer derfor å gi nye lokalpolitikarar eit tilbod om opplæring og informasjon om dette no på nyåret. På denne måten håpar vi å klargjere rollar, og leggje eit godt grunnlag for den viktige dialogen som sikrar eit godt samarbeid i kommande kommunestyreperiode.

Vi legg opp til dagsmøte med informasjon/opplæring der vi ønskjer å treffe dei nye folkevalde fysisk på følgjande stader og datoar:

Voss - hotell Scandic Voss – torsdag 8. februar

Stord – Stord Hotell - måndag 12. februar

Bergen – hotell Scandic Ørnen – tysdag 13. februar

Sogndal – Quality Hotel Sogndal – måndag 11. mars

Førde – hotell Scandic Sunnfjord – tysdag 12. mars

Oppstart er kl. 10.00 alle dagar. Det blir pause med lunsj midt på dagen, og det er gratis å delta. Ved å leggje samlingane til fem ulike stader i fylket, håpar vi at flest mogeleg kan delta, på den staden det høver best.

Tema for dagen vil bli ein gjennomgang av Statsforvaltaren sin rolle og oppgåver overfor kommunane, med vekt på kommuneøkonomi og planarbeid. Vidare vil vi ha ein meir overordna gjennomgang av dei ulike fagområda som Statsforvaltaren har ansvar for, og dei kommunale



tenestene som Statsforvaltaren har tilsyn og kontroll med. Dei ulike tema er alle viktige for det kommunale handlingsrommet og den kommunale styringa, og forholdet mellom stat og kommune.

Påmelding kan kvar enkelt gjere via kurs og konferanse-portalen som ligg fremst på våre heimesider: [Kurs og konferansar | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#)

Kommunane avgjer sjølv kven som deltek – i tillegg til nye folkevalde er det sjølv sagt også høve for meir erfarne folkevalde og administrativ kommuneleiing å delta.

Påmeldingsskjema blir lagt ut i løpet av veke 1, og program for dagane bli utlagt på same stad når dette er klart.

Vi håpar dette tilbodet er av interesse for kommunane!

Om det er spørsmål til dette – ta kontakt med Marit Lunde, tlf.nr. 950 62 935 eller e-post: marit.lunde@statsforvalteren.no

Med helsing

Liv Signe Navarsete

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent



Mottakerliste:



Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	STOREBØ
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	FEDJE
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Osterøy kommune	Postboks 1	5293	LONEVÅG
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Vaksdal kommune	Konsul Jebsensgata 16	5722	DALEKVAM
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Ullensvang kommune	Opheimsgt. 31	5750	ODDA
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE
Lærdal kommune	Øyraplassen 7	6887	LÆRDAL
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Fjaler kommune	Postboks 54	6961	DALE I SUNNFJORD
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE



Gloppen kommune
Gulen kommune
Hyllestad kommune

Grandavegen 9
Eivindvikvegen 1119
Kommunehuset

6823 SANDANE
5966 EIVINDVIK
6957 HYLLESTAD